



Tilsetjingsreglement for Selje kommune

Vedteke i Administrasjonsutvalet 28.04.10 - sak PS 008/10
Revidert i Administrasjonsutvalet 09.06.16 - sak PS

INNHALD:

1. OMFANG
2. GRUNNSYN
3. TILSETJINGSMYNDDE/TILSETJINGSPROSEDYRE
4. KUNNGJERING
5. GJENNOMFØRING AV INTERVJU
6. TILSETJINGSVILKÅR
7. TILSETJINGSBREV
8. HELSEATTEST
9. POLITIATTEST
10. OPPSEIING
11. SUSPENSJON
12. AVSKIL

1. OMFANG

Tilsetjingsreglementet gjeld for alle områda i kommunen for arbeidstakarar i eit fast forpliktande arbeidsforhold, jfr. Hovudtariffavtalen (HTA) § 1 og Hovudavtale.

Reglane i tilsetjingsreglementet gjeld ikkje når det strir i mot lov, tariffavtale eller andre avgjerder som er bindande for kommunen.

2. GRUNNSYN

2.1 Ved tilsetjing i Selje kommune skal det i første rekkje takast omsyn til kvalifikasjonar (utdanning og praksis), samt ei heilskapsvurdering av kor skikka vedkomande søkjar er for stillinga.

2.2 Når søkjarar av begge kjønn står kvalifikasjonsmessig likt, jfr. HTA pkt. 2.2, skal ein prioritere kvinnelege søkjarar når dette kjønnnet er underrepresentert i avdelinga.

2.3 Den søkjaren som har lengst teneste i Selje kommune skal ha førerett når dei elles står likt etter § 2.2 i HTA.

2.4 Det skal som hovudregel tilsetjast i heil stilling, med mindre omfanget av arbeidet eller ei vurdering av arbeidssituasjonen tilseier noko anna.

Kvalifiserte arbeidstakarar som er oppsagde på grunn av forhold i verksemnda har førerett til ny tilsetjing i 12 månader etter oppseiinga, jf. AML § 14-2.

Etter AML § 14-3 og Hovudtariffavtalen § 2.3 har deltidstilsette førerett til utvida stilling framfor at arbeidsgjevar rekrutterer inn nye. Arbeidstakaren må vere kvalifisert og føreretten må ikkje innebere vesentlege ulemper for verksemnda.

Den deltidstilsette kan ikkje utan vidare velje seg ein del av ledig stilling, men må som hovudregel akseptere heile stillinga.

3. TILSETJINGSMYNDE/TILSETJINGSPROSEDYRE

3.1 Kommunestyret tilset rådmann, jfr. § 22 i Kommunelova. Administrasjonsutval og formannskap har uttalerett.

3.2.1 Tilsetjing i alle andre stillingar enn nemnt i punkt 3.1 er med heimel i Kommunelova § 24 nr. 1 delegert til rådmannen som kan føreta intern delegering til personalkonsulent/tenesteleiarar.

Eit tilsetjingsutval som består av 3 personar frå arbeidsgjevarsida og 2 personar frå arbeidstakarsida har mynde til å tilsetje i faste stillingar. Samansetjing av utvalet blir slik. Frå arbeidsgjevar: Rådmann (ved tilsetjing av leiarar), leiar for vedkommande eining, personalkonsulent og evt. driftsrådgjevar. Frå Arbeidstakar: Fagforbundet - fast medlem. Det andre medlemmet frå arbeidstakarsida rullerer utifrå kva type stilling det skal tilsetjast i.

Leiar for dei einiskilde einingane har mynde til å tilsetje mellombels i inntil 6 månader (3+3) ved trong for vikarar. Dersom trongen for hjelp skulle vare utover 6 månader skal dette takast opp med rådmann/personalkonsulent og HTV.

- 3.4 Ved ledig stilling skal leiar for vedkomande eining, i samråd med rådmann/personalkonsulent vurdera trongen for stillinga/nytilsetjing ved å gjere ei stillingsanalyse. I denne vurderinga er det naturleg at følgjande spørsmål blir vurdert:
- Er stillinga sine arbeidsoppgåver framleis aktuelle, eller kan ein forvente endringar i organisasjonen?
 - Kan oppgåvene fordelast på andre arbeidstakarar?
 - Passar stillinga for nokon som allereie er tilsett og som ønskjer, treng eller har krav på omplassering eller mogeleg utviding av stillingsstorleik?
 - Kva skal ein lyse ut og kva for kvalifikasjonskrav må ein ny medarbeidar fylle?
 - Hovedtillitsvalde skal informerast og takast med på råd, jf. HA § 3-1d)

Når annonseteksten er utforma blir den sendt til aktuelle medier, lagt ut på heimesida til Selje kommune, NAV og sendt til avdelingane for oppheng. Det skal også sendast kopi av annonseteksten til HTV.

- 3.5 Når søknadsfristen er ute, skal søkjarliste sendast til Arbeidstakarorganisasjonane til uttale. Rådmannen eller den han har gjeve mynde, skal gjere HTV kjend med tid og stad for intervju. Arbeidstakarorganisasjonane skal ha 1 representant i intervjugruppa. Søkjarane skal ha melding om at søknaden er motteken og når tid ein kan forvente tilsetjing. Utvida søkjarliste vert sendt til søkjarar som bed om det.

Søkjaroversyn er offentleg, medan den utvida søkjarlista er **ikkje offentleg, jf off.lova §25.**

4. KUNNGJERING

- 4.1 Som hovudregel skal alle stillingar kunngjerast offentleg, med mindre rådmannen, etter samråd med aktuelle tillitsvalde, avgjer at stillinga berre skal kunngjerast for kommunale arbeidstakarar (intern utlysing). Like eins kan det etter konkret vurdering avgjerast at ei stilling kan fyllast utan kunngjering.
- 4.2 Utlysinga skal innehalde informasjon om løns- og arbeidsvilkår, kvalifikasjonskrav og arbeidsområde for vedkomande stilling. For stillingar der det er krav om politiattest skal dette gå fram i utlysinga. Dersom det er grunn til å tru at eit vikariat kan bli forlenga eller at vikariatet kan bli fast, skal dette gå fram av utlysinga.
- 4.3 Søknadsfrist skal til ei kvar tid vere minst 2 veker. Den som har tilsetjingsmynde kan avgjere at søknader som kjem inn etter at fristen er gått ut, skal handsamast som om dei har kome inn i rett tid, dersom det er særskilde grunnar for dette.
- 4.4 Dersom det har meldt seg få kvalifiserte søkjarar, kan stillinga lysast ut på nytt.

5. GJENNOMFØRING AV INTERVJU

- 5.1 Så langt det er praktisk og økonomisk forsvarleg bør det som hovudregel gjennomførast intervju med dei mest aktuelle søkjarane.
- 5.2 Intervjugruppa skal vere slik sammensett:
- A: Tilsetjing av leiarar:
- Rådmann
 - Hovedtillitsvald
- B: Tilsetjing av alle andre:
- Personalkonsulent
 - Leiar for vedkommande eining
 - Hovedtillitsvald
- 5.3 Ein tillitsvald skal etter § 3-1 d) i HA vere med i intervjugruppa. Arbeidsgjevar i samråd med Arbeidstakarorganisasjonane peikar ut kven som skal delta ved intervjuet utifrå kva type stilling det skal tilsetjast i.

6. TILSETJINGSVILKÅR

- 6.1 Arbeidstakaren vert tilsett for teneste i Selje kommune med dei løns- og arbeidsvilkår som går fram av gjeldande lover, reglement, tilsetjingsdokument og tariffavtalar. Arbeidstakaren må vere budd på endringar i arbeidsområde og moglege stillingsendring når dette er sakleg grunngeve.
- 6.2 Ved fast tilsetjing vert arbeidstakaren tilsett i Selje kommune med ei prøvetid på 6 månader. Det skal i arbeidsavtalen gjerast merksam på at endringar i oppgåver- og ansvarsområde kan skje ved organisasjonsmessige endringar..
- 6.3 Den som har tilsetjingsmynde, kan sjå bort frå vilkåret om prøvetid i særskilde høve. I prøvetida gjeld ein gjensidig oppseiingsfrist på 14 dagar, jfr. HTA § 3.22. I god tid før prøvetida er ute skal vedkomande leiar for eininga/avdelingsleiar melde frå dersom det finst grunnar som talar mot tilsetjing.

7. TILSETJINGSBREV

Det skal gjevast skriftleg melding om tilsetjing til den som har fått stillinga. Det skal lagast arbeidsavtale for alle faste og mellombelse arbeidsforhold.

8. HELSEATTEST

For stillingar der det vert stilt særskilde krav til helse, skal det leggjast fram tilfredsstillande helseattest før tilsetjing. Jf. AML § 9-3 og 9-4.

9. POLITIATTEST

For stillingar der det vert stilt særskilde krav til vandel, skal det leggjast fram tilfredsstillande politiattest før tilsetjing. Jf. Helsepersonelloven, Barnehageloven og Opplæringslova.

10. OPPSEIING

- 10.1 Administrasjonsutvalet gjer vedtak om oppseiing i stillingar det er gjeve delegert mynde til tilsetjing. Oppseiinga skal vere skriftleg frå begge partar. Arbeidstakaren kan krevje skriftleg grunngjeving for oppseiinga. Ei oppseiing frå arbeidsgjevar skal innehalde opplysningar om den rett arbeidstakaren har til å krevje forhandlingar, reise søksmål og dei fristane som gjeld. Før vedtak om oppseiing vert gjort, skal det, dersom arbeidstakaren ønskjer det, drøftast med arbeidstakaren sin tillitsvald.
- 10.2 Oppseiingsfristane skal vere i samsvar med gjeldande regler i lov og tariffavtalar. Når det gjeld arbeidstakarane sine rettar ved oppseiing, syner ein til kap. 15 i Arbeidsmiljølova og reglane i Forvaltningslova, samt § 3 i HTA.
- 10.3 Når ein arbeidstakar sluttar, har han/ho krav på sluttattest frå kommunen.

11. SUSPENSJON

Rådmann kan mellombels fjerne ein arbeidstakar frå stillinga når det ligg føre grunn til å gje arbeidstakaren avskil, og/eller tilhøva krev at vedkomande straks vert fjerna. Arbeidstakaren har krav på å behalde løn inntil vedtak om avskil vert gjort.

12. AVSKIL

- 12.1 Selje kommune v/rådmann kan gje ein arbeidstakar avskil med påbod om å slutte i stillinga omgåande, dersom arbeidstakaren har gjort seg skuldig i grovt brot på, eller misleghald av arbeidsavtalen.
- 12.2 Melding om avskil skal vere skriftleg og skal innehalde opplysningar om rett til å krevje forhandlingar, reise søksmål og kva fristar som gjeld. Før melding om avskil, skal saka drøftast med arbeidstakaren sin tillitsvalde, med mindre arbeidstakaren sjølv ikkje ønskjer dette.